



DOVRE KOMMUNE

Innspel til ny villreinpolitikk og til arbeidet med tiltaksplanar etter kvalitetsnormen for villrein

Dato: 01.10.2023
Arbeidsgruppe: Astrid Skomakerstuen, ordfører i Dovre
Odd Leif Angård, Senterpartiet
Magne Botten, Dovrelista
Martin Hjerkind, Høyre
Jo Halgunset, Arbeiderpartiet
Sekretær: Kari Bentsdal, kommuneplanleggar i Dovre

Bakgrunn

Regjeringa arbeider med ei stortingsmelding om villrein og klima- og miljødepartementet ynskjer å hente inn innspel til ny villreinpolitikk i Norge. Statsforvaltaren i Trøndelag og Statsforvaltaren i Innlandet skal utarbeide forslag til tiltaksplan etter kvalitetsnorm for villrein, m.a. for områder som delvis ligg i Dovre kommune. Dovre kommune har sett saman ei arbeidsgruppe til å utarbeide eit tverrpolitisk innspel både til ny villreinpolitikk og til arbeidet med tiltaksplanar, der kvart enkelt parti i kommunestyret er representert.

Følgande vedtak i kommunestyret ligg til grunn:

Kommunestyrets behandling av sak 30/2023 i møte den 28.08.2023:

Vedtak

Forslag fra gruppelederene ble enstemmig vedtatt. Ad-hoc gruppe: Rådmann oppnevner sekretær. 1 møte pr uke til 18.9.23.

- Overordna uttale*
- Tilstanden til villrein er kritisk, og noe må gjøres. Lokalt landbruk, nærings- og reiseliv er en del av løsningen.*
- Synliggjøre samfunnsnytte og lokal verdiskaping.*
- Hensynta lokalt næringsliv.*
- Ressurser og kompensasjon.*
- Allemannsretten?*
- Forvaltning.*
- Hvordan forvaltes tiltak / Evaluering av tiltak.*



Dovre
nasjonalparkkommune

2286

Postadresse:
Kongsvegen 4
2662 DOVRE

Besøksadresse:
Kongsvegen 4,
2662 Dovre

Org.nr: 939 849 831
Hjemmeside: www.dovre.kommune.no
E-post: postmottak@dovre.kommune.no

Telefon: 612 42 100
Bankkonto:
2065 07 00008

Overordna uttale

Dovre kommune meiner at tilstanden til villreinen i Snøhetta og i Dovre/ Rondane er forverra over tid og noko må bli gjort. Det er ikkje mogleg å peike på ein årsak til at reinen slit. Dette er samansett og komplekst. For politikarane i Dovre er det viktig at lokalt landbruk, nærings- og reiseliv blir ein integrert del av løysninga på utfordringane.

Fjellområda i Dovre har stor verdi for innbyggerane i Dovre som del av landbruksnæringa, for jakt og fiske, rekreasjon og friluftsliv og i forhold til kulturell og historisk identitet. Fjellområda er også attraktive for tilreisande og har vorte spesielt attraktive som følgje av vern av større områder. Vernet har vorte marknadsført og dette har i stor grad bidratt til at vi har fått dei store utfordringane knytt til villreinen. Ny teknologi, velstandsauke, betre og meir utstyr, mm har også gjort at dei besøkande bruker fjellet på andre måtar enn tidlegare og måtar som fører til større uro for villreinen.

Den store auka i turisme som har kome som følgje av vernet, har forvaltninga ikkje greidd å handtere. Ein del av løysinga på denne utfordringa bør vera å gje kommunen større ressurstilgang knytt til forvaltning av fjellet, t.d. midlar til stillingar og auka kompetanse. Lokal erfaring og fagkunnskap og adaptiv forvaltning er viktig for å finne dei gode tiltaka! Dette blir ikkje nok verdsett! Vi må få ressursar slik at vi kan drive lokal forvaltning og slik at vi kan behalde og utvikle kunnskap lokalt. Politikarane i Dovre meiner at fjellstyra bør bli styrka og få ei meir kraftfull rolle i forhold til naturrettleiing.

Erfaring og forskning over tid må leggest til grunn for vedtak knytt til villrein. Det er også viktig å finne tiltak som verker over tid. Tiltak bør primært vera reversible tiltak. Om tiltak ikkje verker bør ein kunne gå tilbake på desse.

Det må på plass kompensasjonsordningar for landbruk, reiseliv og anna næring, for evt. klare tap som følger av omlegging og ny villreinpolitikk. Reiselivet må kunne legge om drifta noko for å tilpasse seg.

Dovre kommunen presiserer at kommunen allereie har gjennomført ei rekke tiltak som har vore positive for villreinen og at desse tiltaka er gjort med hensikt! Eksempel er planlegging og bygging av gang- og sykkelsti over Dovrefjell, etablering av skyttelbuss til og frå Snøheim, besøkssenteret på Hjerkin og nedlegging av DNT merka stiar inn i Dovre nasjonalpark frå Fokstugu, Furuhaugli og Avsjøen. Etablering av Pilegrimsleden og restaurering av Den Gamle Kongevegen er stort sett positive tiltak for villreinen, men også her er det viktig å fortsette å følgje med på moglege effektar over tid. Kanaliserte tiltak bør bli ytterlegare forsterka!

Landbruket

Utmarka i Dovre representerer store verdier for lokalsamfunnet. Politikarane i Dovre kommune meiner at også landbruksnæringa bør vera innstilt på enkelte justeringar og tilpassingar, men det er ein føresetnad at landbruket og beitenæringa ikkje blir ramma negativt av ny villreinpolitikk.

Arealforvaltning

Dovre kommune meiner det er naturleg at mykje av villreinen oppheld seg nord for Grimsdalsvegen om sommaren, sidan det er næringsrikt naturgrunnlag og rike beiteområder her, og kanskje spesielt godt beite i år der det er mykje nedbør som sommarhalvåret 2023. Sør for Grimsdalsvegen er det næringsfattig grunn og skinnare forhold for reinen og kanskje også større påverknad frå turistar og folk i terrenget. Men politikarane i Dovre meiner ein må gå ut i frå at det er rett vurdering at det er "rødt nivå" på villreinen i Dovre/Rondane og Snøhetta og at det er viktig å sjå situasjonen til villreinen i eit langt tidsperspektiv.

Reinen må ha moglegheit til å komme til større områder når den er "støkt"/skremt, dvs. soner utan tilrettelegging og der villreinen i stor grad får vera i fred. Dovre kommune meiner det er viktig å sikre at det er ei lenke av slike større frededelege områder, med gode fluktvegar mellom.

Dovre kommunen anerkjenner at ferdsel har verknad både på opphaldsareal og trekkvegar for villreinen. Kommunen ser ikkje bort i frå at aktiviteten langs Grimsdalsvegen og andre populære ferdselsvegar har noko å si for villreinen sine trekkmonster. Det er viktig at det blir lagd "trafikkreglar" for alle partar, særleg der det er viktige trekkvegar. Nattstenging av vegar i fjellet kan vera eksempel på eit aktuelt tiltak som partar truleg kan akseptere, fordi dette ikkje vil vera ein stor inngripen i forhold til dagens praksis og behov.

Politikarane i Dovre meiner at vidare utvikling av hytteområder og utbygging av fritidsbygg i randsona til villreinområder bør bremsast kraftig ned og at slik utbygging i større grad bør knytast til eksisterande tettstader og grender. I Dovre kommune er det nedfelt i planstrategien at hytte- og fritidsutbygging skal skje nært tettstadane. Kommunen har regulerte og delvis utbygde hyttefelt relativt sentralt på Dovre, Dombås og Hjerkin, og i tillegg areal avsett til fritidsbygg på vestsida av Dovreskogen utanfor villreinområder. Dette er ein bevisst politikk, med hensikt å skåne sårbare verdiar i verneområder, avgrense nedbygging av utmarka og samtidig auke aktiviteten i tettstadene og rekreasjons- og skianlegg knytt til desse.

Ferdsel

Mange innbyggjarar i Dovre er utrygge på at ein som lokal kan kome til å bli stengt ute frå eige fjell- og utmarksområder. Dovre kommune meiner det er viktig å ta vare på allemannsretten så langt vi kan! Dette er essensielt for den norske modellen og for oss som lokale og det er viktig for at folk skal kunne opparbeide seg kunnskap om naturen. Lokalpolitikarane meiner at ein bør prøve andre tiltak før ein innfører ferdselsrestriksjonar, men poengterer samtidig av kommunen kan vera open for ferdselsrestriksjonar i periodar og i spesielt sårbare områder, om dette må til.

Dovre kommune meiner ein bør fortsette å finne tiltak som kan styre ferdselen, med utvikling av randsonene og av områder i kommunen der det ikkje er større verneområder eller spesielt sårbare områder som vestsida av Gudbrandsdalen. Reinen treng store areal, men bruker små areal av desse store områda til ei kvar tid. Det er viktig at forvaltninga veit kvar reinen oppheld seg og at ein kan gjere tiltak ut frå slik kunnskap. Vidare utvikling av organisert ferdsel er eit viktig tiltak. Det er den uorganiserte delen av friluftslivet som gjev dei aller største utfordringane.

Angående moskus så meiner kommunen at ein bør sjå på om det kan la seg gjere å la ein liten flokk moskus etablere seg nært innfallsporten til nasjonalparken. Slik vil folk og guida grupper ikkje ta seg så langt inn i fjellet som i dag og vil da forstyrre villreinen i mindre grad.

Dovre kommune meiner en bør sjå på eit prøveprosjekt, ein "Dovre-modell", med rimeleg guiding. Dette bør vera organisert med lokale guidar med stor lokalkunnskap og bør vera eit tilbod som femner om mange aktivitetar også "reine" fjellturar, der guide kan fortelje om natur- og kulturhistorie, vise gode rasteplassar, mm. Prisen for guiding bør vera lav og kanskje berre slik at den dekker "kostpris"/ ein serviceavgift og der fortjenesta til guidane/verksemdene blir dekt av forvaltninga/Staten. Ei styrking av fjellstyra med folk som kan drive naturretteleing vil kunne bli til stor hjelp i å styre ferdsel og ta i mot besøkande på ein god måte.

Angående motorferdsel i utmark, meiner Dovre kommune at vi er svært restriktive i å gje løyver og det er kun tre partar som har løyve til å drive leigekøyning. Andre kommunar rundt Dovrefjell og Rondane bør bli like restriktive!

Bestandsforvaltning, dyrehelse og klima

Det bør diskuteres om villreinbestanden er for stor i forhold til tilgjengelig areal og om vi kan få sterkere dyr dersom bestanden blir noko redusert.

Vi må få meir kunnskap om rovdyr i fjellet og korleis desse påverkar villreinen.

Politikarane i Dovre meiner at endring i klimaendringar påverkar reinen og at dette må bli forska meir på for å styrke kunnskapsgrunnlaget. Om anslag for klimaendringane slår til, må ein kanskje diskutere tiltak i kritiske år.

OPPSUMMERT

Dovre kommune er ein medverkande aktør som det er viktig blir tatt med i den vidare prosessen med å utforme ny villreinpolitikk og tiltaksplanar etter kvalitetsnorm for villrein.

Lokalpolitikarane i Dovre meiner at det er vesentleg at villreinpolitikken gjev lokal verdiskaping.

Mykje av kommunen vår er verna og vi har gjeve og gir mykje til fellesskapet. Det er viktig at Dovre får tilbake noko frå storsamfunnet for dette, gjennom kompenserande tiltak.

Straumen av besøkande og folk som bruker utmarka må handterast på ein betre måte enn vi gjer i dag. Dovre kommune ynskjer at det blir tilført ytterlegare ressursar lokalt for å ta hand om dette.

Før det eventuelt blir innførte ferdselsrestriksjonar, bør andre tiltak bli utprøvd.



DOVRE KOMMUNE

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2023/1086-3

Saksbehandlar: Kari Bentsdal

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2023/38	02.10.2023	Kommunestyret

Innspel til arbeidet med stortingsmelding for villrein og tiltaksplaner etter kvalitetsnorm for villrein

Vedlegg

- 1 2023.08.28 Saksprotokoll KS vedtak_Stortingsmelding og tiltaksplaner for villrein
- 2 2023.10.01 Innspel til ny villreinpolitikk - Dovre kommune

Saksutredning:

Regjeringa arbeider med ei stortingsmelding om villrein og klima- og miljødepartementet ynskjer å hente inn innspel til ny villreinpolitikk i Norge. Statsforvaltaren i Trøndelag og Statsforvaltaren i Innlandet skal utarbeide forslag til tiltaksplan etter kvalitetsnorm for villrein, m.a. for områder som delvis ligg i Dovre kommune. Dovre kommune har sett saman ei arbeidsgruppe til å utarbeide eit tverrpolitisk innspel både til ny villreinpolitikk og til arbeidet med tiltaksplanar, der kvart enkelt parti i kommunestyret er representert.

Følgande vedtak i kommunestyret ligg til grunn:

Kommunestyrets behandling av sak 30/2023 i møte den 28.08.2023:

Vedtak

Forslag fra gruppelederene ble enstemmig vedtatt. Ad-hoc gruppe: Rådmann oppnevner sekretær. 1 møte pr uke til 18.9.23.

- *Overordna uttale*
- *Tilstanden til villrein er kritisk, og noe må gjøres. Lokalt landbruk, nærings- og reiseliv er en del av løsningen.*
- *Synliggjøre samfunnsnytte og lokal verdiskaping.*
- *Hensynta lokalt næringsliv.*
- *Ressurser og kompensasjon.*
- *Allemannsretten?*
- *Forvaltning.*
- *Hvordan forvaltes tiltak / Evaluering av tiltak.*

Ad-hoc arbeidsgruppa har vore sett saman som følgjer:

Arbeidsgruppe: Astrid Skomakerstuen, ordførar i Dovre

Odd Leif Angård, Senterpartiet

Magne Botten, Dovrelista

Martin Hjerkind, Høyre

Jo Halgunset, Arbeiderpartiet

Sekretær: Kari Bentsdal, kommuneplanleggar i Dovre

Gruppa har hatt to møter, den 11.09.23 og 19.09.23 og har i tillegg kommunisert via e-post.

Frist for innsending av innspel til arbeidet med stortingsmelding for villrein er sett til 01.oktober 2023. Dovre kommune har fått utsett frist til 04.oktober. Innspel blir sendt til postmottak@kld.dep.no med referanse «23/4675 – innspill til stortingsmelding om villrein». Alle skriftlege innspel er offentlege etter offentleglova.

Innspel til arbeidet med tiltaksplanar kan sendast inn fortløpande til Statsforvaltaren.

Vurdering:

Sjå vedlagte dokument *Innspel til ny villreinpolitikk og til arbeidet med tiltaksplanar etter kvalitetsnorm for villrein*, datert 01.10.2023.

Rådmannens innstilling:

Kommunestyret vedtek at vedlagte dokument blir sendt Klima- og miljødepartementet som innspel til ny villreinpolitikk og arbeidet med stortingsmelding om villrein. Dokumentet blir i tillegg sendt som innspel til arbeidet med tiltaksplan for Snøhetta villreinområde og til tiltaksplan for Rondane villreinområde.

Kommunestyrets behandling av sak 38/2023 i møte den 02.10.2023:

Behandling

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak

Kommunestyret vedtek at vedlagte dokument blir sendt Klima- og miljødepartementet som innspel til ny villreinpolitikk og arbeidet med stortingsmelding om villrein. Dokumentet blir i tillegg sendt som innspel til arbeidet med tiltaksplan for Snøhetta villreinområde og til tiltaksplan for Rondane villreinområde.

